




 kveik as



# 75 års erfaring

Kveik er det nye namnet på to verksemdar som no er fusjonerte. Tilsaman har me 75 års erfaring med å hjelpe menneske attende i arbeidslivet, samt gje eit tilrettelagt tilbod til dei som har trong for det.

Bakgrunnen for samanslåinga, kom etter initiativ frå vår største aksjonær Voss kommune, der forslaget var å slå saman Lekve Industrier AS og Voss Bedriftservice AS. Fusjonsprosessen starta i fyrste halvdel av 2013, og enda opp med samanslåing og lansering av nytt namn i desember. Vår nye verksemd vil få ei årleg omsetnad på om lag 20 mill, og med 19 fast tilsette og totalt 95 ulike tiltaksplassar, er me og ein betydeleg aktør i lokalsamfunnet.

Vår visjon er «me skal bli den viktigaste arbeidskrafta i lokalsamfunnet». Det betyr og at vi må strekkja oss for å nå dette målet. Årleg tilbyr vi arbeidstrening og kompetansebygging til omlag 150 personar, og med så mange personar «i omlop» utgjer det



ein betydeleg del av vårt «samfunnsoppdrag».

I samarbeid med NAV og lokalt næringsliv utfører me mange typar oppdrag og tenester. Me har eit variert tilbod med tanke på å kunne gje så breitt tilbod som mogleg til våre deltakarar. Elles er kompetansebygging og allsidigheit ein føresetnad for å kunne vera attraktive nok i ein raskt skiftande marknad, og over tid har me

bygd opp solid kompetanse på rettleiing, tilrettelegging og attføring.

I desember 2013 vart me resertifisert etter ein europeisk standard for levering av sosiale tenester – EQUASS. Dette er ei kvalitetssikring for alle involverte partar, og inneber mellom anna at me må dokumentere vårt arbeid i alle ledd.

Gjennom årlege målingar og brukar-

undersøkingar, får me gode tilbakemeldingar frå både kundar og deltakarar. Dette gjev oss tru på at me gjer ein god jobb, samstundes som det utfordrar oss på å verta endå betre.

*Med helsing  
Oddvar Nestås – dagleg leiar*

## Arbeidslivet skal ha plass til alle!

For å kunne nå denne type målsettingar treng me verksemdar som Kveik AS. Verksemdar som legg til rette for at alle ut frå egne evner og behov, kan bidra på sin måte inn i arbeidslivet.

Og, for å få dette til må det vera ulike løysingar. Nokon treng hjelp for å koma attende til arbeidslivet, medan andre har trong for ein varig tilrettelagt arbeidsplass. Resultatet kan vera fast jobb eller til og med fagutdanning. I den grad Kveik lukkast med sitt

oppdrag, så tek me i bruk større del av samfunnet sine ressursar, og ikkje minst, Kveik gjer noko for kvar enkelt som får hjelp.

For det å koma i arbeid, det å ha noko å gå til kvar dag, handlar om enkeltpersonar sine liv. Som Kveik sjølv seier: «Det handlar både om sjølvrespekt og om livskvalitet». Når me i tillegg veit at Kveik lukkast med å formidla folk ut i arbeidslivet, så utgjer selskapet ein skilnad!

For Voss kommune og for regionen vår er Kveik ein viktig ressurs. Det er ein ressurs som gjev moglegheiter for mange, moglegheiter som vert nytta og moglegheiter som gjev resultat. Gjennom godt samarbeid med det offentlege og næringslivet aukar også sjansane for at endå fleire vert innlemma i arbeidslivet. Verksemda Kveik utfører eit viktig samfunnsoppdrag som Voss kommune heilhjarta støttar!

*Hans-Erik Ringkjøb – Ordførar*



## Vår eigenproduksjon:



«Bedriften plikter å stille varierte og tilrettelagte arbeidsstasjoner/oppgåver til rådighet for deltagerene.

*Arbeidsvavklaringen kan være integrert eller adskilt fra produksjonsmiljøet i bedriften. Ekstern bedrift kan benyttes når dette er hensiktsmessig for deltageren»*

Ref: attføringsbedriftenes bransjestandard - avklaringsprogram

## Me tilbyr arbeidspraksis innan:

- **Snekkerverkstad** Produksjon av hytter, enkle møblar, kompostbingar og anna etter bestilling
- **Underleveransar** Vi leverer containerar til Arnpro AS. Vi produserer ulike 17. mai-sløyfer for Sylvsmidja Sylvareverkstad AS, i tillegg kjem montering av beslag og høvling av listverk til Voss Møbel og Treareverkstad AS
- **Kantinetenester** Vi har i dag tilbod om praksisplassar i 3 kantiner, Voss Vidaregåande skule, Tinghuskantina og kantina til Voss Energi AS
- **Jobbfrukt** Vi pakkar og leverer ut jobbfrukt til meir enn 50 bedrifter kvar veke
- **Vaktmeister/Reinhald** Vi utfører vaktmeister og reinhalstenester for bl.a. Miltzowsgate, Bømoen AS, Handelshuset Voss og Voss Energi AS
- **Vedproduksjon** Vi produserer og sel ved
- **Ekstern praksis** Arbeidsutprøving og kvalifisering med eksterne verksemder etter avtale
- **Tranportoppdrag** Vi har fast avtale med Sylvsmidja Sylvareverkstad AS og Apotek 1

# Gjennomstrøyming alle tiltak 2013

	APS	AB	Avkl.	KiA	TiA	VTA	Sum
<b>Antall per 01.01.2013</b>	<b>22</b>	<b>26</b>	<b>3</b>	<b>8</b>	<b>4</b>	<b>0</b>	<b>63</b>
Direkte inn	16	5	53	1	0	26	101
Fra APS		12		5			17
Fra Arbeid med bistand	2			6			8
Fra Avklaring	17	6		1			24
Fra Kvalifisering AMB		3					3
<b>Byrja i perioda</b>	<b>35</b>	<b>26</b>	<b>53</b>	<b>13</b>	<b>0</b>	<b>26</b>	<b>153</b>
AB	10		6	2			18
Anna, aktive løysning		2	1				3
Anna, ingen aktiv løysning	5	1	7				13
APS		2	15				17
Arbeid/trygd kombinasjon		1	2				3
Fødselspermisjon		1					1
Institusjonstilbud/plassering			1				1
Kvalifisering i AMB	5	5	1				11
Ordinært arbeid m/ lønstilskøt frå NAV	1	2		1			4
Ordinært arbeid, u/lønstilskøt	4	18	2	9	1		34
Sjukdom/medisinsk/sosial rehabilitering	9	4	7	3			23
Søkt/fått alderspensj./avtalefesta pensjon				1			1
Søkt/fått uførepensjon	1	2	7				10
Utdanning, eigenfinansiert	1		1				2
<b>Slutta i perioda</b>	<b>36</b>	<b>38</b>	<b>50</b>	<b>16</b>	<b>1</b>	<b>0</b>	<b>141</b>
<b>Antall per 31.12.2013</b>	<b>21</b>	<b>14</b>	<b>6</b>	<b>5</b>	<b>3</b>	<b>26</b>	<b>75</b>

## Tabellen syner mellom anna:

- 153 personar byrja i tiltak 2013, 141 har slutta
- 52 personar (37%), gjekk over til andre aktive tiltak i verksemda (tiltakskjeding)
- 31 personar frå formidlingstiltaka AB og KiA, gjekk over i arbeid/ utdanning/anna aktiv løysing (57,5% formidling)
- Totalt 40 personar gjekk over i arbeid/utdanning/anna aktiv løysing (alle tiltak 28,4% formidling)
- 13 personar (9,2%) har avslutta utan noko aktiv løysing



# Attføringsarbeidet i praksis

I 2013 var det i alt 153 personar som fekk tilbod og byrja i attføringstiltak ved verksemda. Dette var ein auke på 23% frå 2012. Vidare er det gjengs for alle tiltaka at sjolve tiltakstida er korta ned, i tråd med gjeldane retningslinjer frå NAV, noko som igjen fører til hyppigare rullering (inntak/utskrivning av deltakarar).

Kveik AS har ei individuell tilnærming i høve den enkelte deltakar. Sjølv om oppstart og introdusering i avklaringskurs i all hovudsak er gruppebasert, held ein fokus på enkeltindividet gjennom alle tiltaka. Tilbodet vårt inneheld tema som motivasjon, kartlegging av lese-/skrive- og matematikkunnskapar, fysisk helse/ergonomi, personleg økonomi, karriererettleiing, jobbsøk, trening på jobbintervju, samt individuelle samtalar med hovudkontakt.

Gjennom året har me hatt ein markant auke i antal deltakar som kun er innsøkt for rettleiing. Likeeins har ein opplevd ein auke av deltakarar som har nytta tilbod om studierom ved Kveik

til å gjennomføra nettbaserte utdanningar.

I det praktiske attføringsarbeidet har me fylgjande arenaer for avklaring av arbeidsevne/førebuing til arbeidslivet:

**Catering:** Kantinearbeid og pakking/distribusjon av jobbfrukt.

**Merkantil trening:** Kontor-/bibliotekarbeid

**Servicetenester:** Reinhold, vaktmesteroppgåver og sjåfør.

**Intern produksjon/monteringsarbeid:** (produksjon/sal av ved, treavdeling, containere for Arnpro AS, 17. mai- sløyfer for Sylvsmidja Sylvareverkstad AS, m.v)

I tillegg til den interne førebuinga

til arbeidslivet, får deltakarane tilbod om ekstern kvalifisering og oppfylgning ute i ordinære verksemdar. Val av verksemd/yrke vert gjort på bakgrunn av den enkelte sine ynskje/føresetnader, og dei vert fylgt opp av ein personleg rettleiar gjennom heile prosessen.

Kveik har etablert ein tett og god dialog med næringslivet i Voss/omegn, og kan difor i samarbeid med den enkelte verksemd, utarbeide ein tilpassa arbeidstrening der ein kvalifiserer seg til ordinært arbeid. Kveik legg opp til at kvalifiseringstida vert effektiv, og at den vert gjennomført på ein god måte både for deltakar og den aktuelle arbeidsplassen.



# Stolt vernepleiar!

Aase vil gjerne dele si historie om korleis ho fekk hjelp frå Kveik.

Eg kom i kontakt med hjelpeapparatet og Kveik (den gong: Voss Bedrift-service) våren 2009 etter ei lang sjukmelding. Eg hadde jobba mykje og strekt strikken langt, samt hatt ein del tilleggbelastningar.

Det var heilt klart eit vendepunkt for meg å få hjelp. Det å gå sjukmeld opplevde eg som ein svært vanskeleg situasjon. Eg har alltid sett på meg sjølv som ein veldig sosial, sterk og sjølvstendig person og tykte derfor det var vondt å komma i ein situasjon som hjelpetrengande. Det vart til at eg ikkje sosialiserte meg så mykje som før. Samstundes som å koma til den erkjenninga at ein treng hjelp, som var vanskeleg nok i seg sjølv, folte eg skam og ubehag i det å måtte utlevera seg.

Gjennom NAV kom eg i kontakt med Kveik og tiltaket «Raskere tilbake». Der opplevde eg svært heilheitleg hjelp. Det var uvant for meg å sitja i eit møte der 6-7 personar deltok berre for å finne dei beste løysingane for meg. «Kva kan gjerast for å hjelpa Aase?» Det var overveldande å bli sett av systemet, å få hjelp, for ofte høyrer ein motsett. Mi oppleving er so heilt annleis. Eg har blitt sett og høyr! Jamlege samtalar med attføringskonsulenten, og rett hjelp til rett tid.

Eg fekk prøve arbeidstrening på økonomikontoret i kommunen, og praksis i Liahagen Arbeids- og aktivitetssenter, alt med Kveik i ryggen. På grunnlag av arbeidet i Liahagen og liknande arbeidsforhold eg hadde hatt tidlegare, sette dette meg på sporet av vernepleie utdanning. Våren 2010 søkte eg om opptak på vernepleiestudiet ved Høgskolen i Bergen. Eg hadde ikkje studiekompetanse frå tidlegare, men søkte med grunnlag i realkompetanse. Etter 3 år med studiar er eg no ferdig utdanna. Eg har ein kjekk jobb og klarar meg godt. Eg arbeider 50% på Sandviken Sjukehus og er i tillegg vikar i Voss Kommune. Borna mine er no store, så det går heilt fint med pendlinga til Bergen.

Min bodskap er at «alle» kan koma i ein situasjon som min, livet svingar, livet er endring. Eg har lært meg er at det er ikkje skambelagt, ikkje flaut, og ingen ser ned på deg, om du må be om hjelp!

No i ettertid syns eg det eg har vore gjennom har styrka meg, og det er ein personleg seier!

Eg er stolt av meg sjølv! Eg er stolt når eg tek på meg skiltet: «Aase-vernepleiar».



*Aase er svært nøgd med det ho har fått utretta. Alt byrja her hjå Kveik.*

# Personell/administrasjon



## Tilsette Kveik AS:

Oddvar Nestås	dagleg leiar	Turid K.Midthun	nestleiar –fagansvarleg intern avd.
Kjetil Vestli	fagansvarleg	Ole J. Opkvitne	fagansvarleg – ekstern avdeling
Siv S. Lund	arbeidsleiar	Mari Skjervheim	arbeidsleiar
Hege Lydvo	attføringskonsulent	Lena Gjernes	attføringskonsulent
Ingeborg L. Norekval	attføringskonsulent	Svanhild T.Tvilde	attføringskonsulent
Anders Bolstad	arbeidsleiar	Anders Inge Dregelid	arbeidsleiar
Lars Norevik	arbeidsleiar	Olav Haugo	arbeidsleiar
Vibeke Mo	arbeidsleiar	Heidi Hisdal	arbeidsleiar
Liv Taulen	arbeidsleiar	Egil Mæland	arbeidsleiar
Brita D. Bjørke	arbeidsleiar		

### Likestilling

Verksemnda har som målsetjing å likestillta arbeidstakarane.

### Arbeidsmiljø

Arbeidsmiljøet ved Kveik AS framstår som godt, det vert årleg utarbeidd årsplan for HMS arbeidet i saman med Grend Bedriftshelseteneste.

### Ytre miljø

Verksemnda har ikkje produksjon som forureinar det ytre miljø.

## I 2013 har me delteke på fylgjande kurs og konferansar:

Dagar	Delt.	Innhald	Stad
1	2	Fagsamling AMB Vest	Solstrand
3	1	Leiar møte AMB Vest	Bergen
2	2	Innføringskurs motiverande intervju	Oslo
1	2	Motivaerande intervju (10 studiepoeng)	Oslo
1	3	Fagdag (rus)	Voss
1	4	HMS dagen, tema: relasjonskompetanse	Voss
2	3	Fagkonferanse – Attføringsbedriftene	Gardermoen
2	2	Fagkonferanse - arbeid med bistand – Attføringsbedriftene	Trondheim
2	2	Lærekandidatordningen – Attføringsbedriftene	Gardemoen
1	12	Grend Bedriftshelsenteneste- «Morgendagens arbeidsliv»	Dystese
2	1	Nav-arbeidslivssenter (oppfølging sjukmeldte)	Bergen
1	4	Fyrstehjelpskurs – Grend Bedriftshelsetetneste	Voss
2	2	Fagkonferanse, Ålesund	Attføringsbedriftene
1	2	Årsmøte AMB	Attføringsbedriftene
1	1	HMS konferanse - IA-avtalen	NAV Hordaland

## Brukarundersøking

Som ein lekk i kvalitetssikringa av attføringsarbeidet, gjennomfører Kveik brukarundersøkingar etter kvart som deltakarane vert avslutta i tiltaka. Dette er eit frivillig tilbod, som vert gjennomført anonymt via data. For Kveik er det ein grei måte å få attendemelding på arbeidet vi utfører.

Deltakarane er gjennomgåande nøgde med det tilbodet dei har fått undervegs i tiltaka sine, og eksempelvis opplever 73% at forventningane til tiltaket er innfridde. 79% har hatt stor nytte av tiltaket og opphaldet hjå Kveik. 62% har fått auka livskvalitet medan dei var i tiltak, og heile 89% vil føreslå Kveik til vener og andre som kan ha trong for det.



«Jau, det vil eg seie at livskvaliteten min er auka. Når eg ser attende, så har det vore stor endring frå ikkje vera i jobb i heileteke til å no ha ei 50% stilling».

«Det er mykje enklare alt no då. Etter at eg kom inn hjå Kveik, ordna alt seg til det betre for meg. Eg opplever at eg har fått god hjelp, og at eg mellom anna fekk god bistand til å fylla ut søknadar, samt elles finna fram i alle skjema/papir eg hadde behov for. Eg har fått meg ein jobb som eg maktar helsemessig, og eg er svært nøgd».

«Ja, det gjer eg jo. Kjempagodt å koma seg ut i arbeidslivet igjen, og føler eg har fått hjelp og bistand til å finne ein arbeidsplass, som er midt i blinken for meg!»

«Ja! Eg fekk meg fast jobb, som inneber betre økonomi, aktivitet i kvardagen, betre psykisk helse, samt godt arbeidsmiljø med kjekke kollegaer og ein god sjef. Alt i alt er eg ekstremt godt nøgd!»



# Styret

Styret har i 2013 gjennomført 6 styremøte og handsama tilsaman 36 saker. Styrearbeidet tek utgangspunkt i ein utarbeidd møteplan med faste punkt for kvart styremøte, samt årsplan med oversikt over tema.

## Sluttord

Kveik AS vart i 2013 etablert etter fusjonen mellom Lekve Industrier AS og Voss Bedriftservice AS. Som i mange andre bransjar, må ein også i attførings- og tiltakssektoren bu seg på endra krav. Vår sektor kjem i framtida til å bli målt på forenkling og effektivisering slik at ein med uendra ressursbruk kan gje fleire personar med nedsett arbeidsevne tilbod om arbeidsretta tiltak, og at fleire kjem over i ordinært arbeid. Ein må også bu seg på at det kan koma fleire tilbydarar på marknaden. For å bu seg på dette vil me med fusjonen sikre

ei heilskapleg organisering av attførings- og tiltaksarbeidet og kunne etablere eit robust tilbod for å takle framtidige endringar i rammeføresetnadane.

For å kunna tilby god og variert jobbtrening er Kveik AS framleis avhengig av eit godt samarbeid med offentleg og privat næringsliv i lokalsamfunnet. I løpet av 2013 har me etablert samarbeid med fleire nye verksemder som gjev oss mogelegheit for å nå våre mål om gode tiltaksplassar og flest mogeleg tilbake til ordinært arbeid.

Styret takkar etablerte og nye samarbeidspartnarar for godt samarbeid i året som gjekk.

Det å fusjonere to verksemder er ei krevjande øving. Det inneber mellom anna at forskjellige kulturar skal smeltast saman og at endringar må gjerast, for å få det til må alle bidra. Styret ynskjer å takke alle tilsette for ei positiv innstilling og mange gode bidrag i fusjonsprosessen.

Mai 2014  
Styret i Kveik AS



Stein Kvalekvål  
styreleiar


28.04.2014  
Styret i Kveik AS



Stig Ove Bjørgum  
styremedlem



Arne Nordbø  
styremedlem



Hilde Magnusson  
styremedlem



Brita Dagestad Bjørke  
styremedlem



Catering



Kantinedrift



Jobbfrukt



Treproduksjon

# Økonomi

Av ei samla omsetning på kr 20 106 636,- fekk Kveik AS eit overskot på kr 533 822,-.

Av dette utgjer renteinntekter kr 262 257.

I samsvar med rekneskapslova §3-3A stadfester ein at føresetnadene for vidare drift er tilstades.


## Eigenkapital

	2010	2011	2012	2013
Eigenkapital	7497	8150	8823	10317
Resultat	510	653	672	533


## Resultatrekneskap Kveik AS

	2013	2012	2011	2010
Salsinntekter	20106	12770	11308	11050
Varekostnader	1552	1092	890	772
Lønnskostnader	13367	8328	7451	7312
Avskrivningar	729	486	468	436
Andre driftskostnader	4 185	2439	2054	2181
Renteinntekter	262	247	209	162
Resultat	533	672	653	510

### RESULTAT OG EIGENKAPITAL



### DRIFTSKOSTNADER, VBS 2010 - 2013



**Kveik AS**

## RESULTATREGNSKAP FOR 2013

	Note	2013	2012
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>			
Salgsinntekt		6 347 578	4 999 377
Offentlige tilskudd		13 743 685	7 770 876
Annen driftsinntekt		15 373	0
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>		<b>20 106 636</b>	<b>12 770 253</b>
Varekostnad		1 552 384	1 091 829
Lønnskostnad	3	13 367 268	8 328 161
Avskrivning av driftsmidler og immaterielle eiendeler	7	729 581	486 258
Annen driftskostnad	3	4 185 837	2 438 998
<b>SUM DRIFTSKOSTNADER</b>		<b>19 835 070</b>	<b>12 345 246</b>
<b>DRIFTSRESULTAT</b>		<b>271 566</b>	<b>425 007</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>			
Annen renteinntekt		239 888	230 924
Annen finansinntekt		36 335	16 297
Annen rentekostnad		13 966	4
<b>RESULTAT AV FINANSPOSTER</b>		<b>262 257</b>	<b>247 217</b>
RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD		533 822	672 225
<b>ORDINÆRT RESULTAT</b>		<b>533 822</b>	<b>672 225</b>
<b>ÅRSOVERSKUDD (ÅRSUNDERSKUDD)</b>		<b>533 822</b>	<b>672 225</b>
<b>OVERFØRINGER</b>			
Avsatt til annen egenkapital	8	533 822	672 225
<b>SUM OVERFØRINGER</b>		<b>533 822</b>	<b>672 225</b>

## Kveik AS




BALANSE PR. 31.12.2013

	Note	2013	2012
EIENDELER			
<b>ANLEGGSMIDLER</b>			
<b>IMMATRIELLE EIENDELER</b>			
<b>VARIGE DRIFTSMIDLER</b>			
Tomter, bygninger o.a. fast eiendom		641 024	921 367
Driftsløsøre, inventar o.a. utstyr		654 158	478 396
<b>SUM VARIGE DRIFTSMIDLER</b>	<b>7</b>	<b>1 295 182</b>	<b>1 399 764</b>
<b>FINANSIELLE DRIFTSMIDLER</b>			
Investeringer i aksjer og andeler		9 477	0
<b>SUM FINANSIELLE DRIFTSMIDLER</b>		<b>9 477</b>	<b>0</b>
<b>SUM ANLEGGSMIDLER</b>		<b>1 304 659</b>	<b>1 399 764</b>
<b>OMLØPSMIDLER</b>			
Lager av varer og annen beholdning	2	57 600	34 400
<b>FORDRINGER</b>			
Kundefordringer	4	701 797	472 135
Andre kortsiktige fordringer		1 195 908	1 091 738
<b>SUM FORDRINGER</b>		<b>1 897 704</b>	<b>1 563 873</b>
<b>INVESTERINGER</b>			
Bankinnskudd, kontanter o.l.	5	9 994 188	7 782 932
<b>SUM OMLØPSMIDLER</b>		<b>11 949 493</b>	<b>9 381 205</b>
<b>SUM EIENDELER</b>		<b>13 254 152</b>	<b>10 780 968</b>

**Kveik AS**

BALANSE PR. 31.12.2013

	Note	2013	2012
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>			
<b>INNSKUTT EGENKAPITAL</b>			
Aksjekapital 2 785 á 1000	8	2 785 000	2 553 000
<b>SUM INNSKUTT EGENKAPITAL</b>	<b>6, 8</b>	<b>2 785 000</b>	<b>2 553 000</b>
<b>OPPTJENT EGENKAPITAL</b>			
Annen egenkapital		7 532 901	6 269 903
<b>SUM OPPTJENT EGENKAPITAL</b>	<b>8</b>	<b>7 532 901</b>	<b>6 269 903</b>
<b>SUM EGENKAPITAL</b>	<b>8</b>	<b>10 317 901</b>	<b>8 822 903</b>
<b>GJELD</b>			
<b>AVSETNING FOR FORPLIKTELSER</b>			
<b>ANNEN LANGSIKTIG GJELD</b>			
Gjeld til kredittinstitusjoner		250 000	0
<b>SUM ANNEN LANGSIKTIG GJELD</b>		<b>250 000</b>	<b>0</b>
<b>KORTSIKTIG GJELD</b>			
Leverandørgjeld		276 794	322 782
Skyldig offentlige avgifter		981 493	756 338
Annen kortsiktig gjeld		1 427 965	878 945
<b>SUM KORTSIKTIG GJELD</b>		<b>2 686 251</b>	<b>1 958 065</b>
<b>SUM GJELD</b>		<b>2 936 251</b>	<b>1 958 065</b>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>		<b>13 254 152</b>	<b>10 780 968</b>

28.04.2014  
Styret i Kveik AS  
Stein Kvarokvål  
styreleiar  
Stig Ove Bjørgum  
styremedlem  
Arne Nordbø  
styremedlem  
Hilde Magnusson  
styremedlem  
Brita Dagestad Bjørke  
styremedlem

# Kveik AS

NOTER PR. 31.12.2013.

## Note 1 - Regnskapsprinsipper og virkning av prinsippendringer

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk for små foretak.

### a) Driftsinntekter

Inntektsføring ved salg av varer/tjenester skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres etter hvert som de leveres.

### b) Omløpsmidler/Kortsiktig gjeld

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen et år etter balansedagen, samt poster som knytter seg til varekretsløpet. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi anskaffelseskost og antatt virkelig verdi.

### c) Anleggsmidler/Langsiktig gjeld

Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er vurdert til anskaffelseskost. Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid. Varige driftsmidler nedskrives til virkelig verdi ved verdifall som forventes ikke å være forbigående. Nedskrivningen reverseres når grunnlaget for nedskrivningen ikke lenger er til stede.

### d) Fordringer

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene. I tillegg gjøres det for øvrige fordringer en uspesifisert avsetning for å dekke antatt tap.

### e) Skatt

Selskapet er ikke skattepliktig.

## Note 2 - Varelager

Varelageret er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Verdi av varelager pr 31.12.2013 er på kr 57 600.

## Note 3 Ansatte, godtgjørelse, lån til ansatte mv

Lønnskostnader består av følgende poster:

	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Lønninger	10 782 518	6 711 866
Arbeidsgiveravgift	1 619 190	1 009 403
Innberetningspliktige pensjonskostnader	439 351	199 419
Andre personalkostnader	526 209	407 473
<b>Sum Lønnskostnader</b>	<b>13 367 268</b>	<b>8 328 161</b>
Gjennomsnittlig antall årsverk / tilsette	17	9
Gjennomsnittlig antall årsverk / tiltak	60	30
	<b>Daglig leder</b>	<b>Styret</b>
Lønn	715 249	153000
Annen godtgjørelse	33 639	0

## Pensjon

Selskapet har pensjonsordning etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Pensjonsforpliktelsen er ikke balanseført, og den årlige pensjonspremien anses som årets pensjonskostnad.

## Revisor

Utbetalt honorar til revisor er kr. 45 500,- eks mva, hvorav kr. 27 800 gjelder revisjon og kr. 31 700 gjelder rådgivning.

## Kveik AS

NOTER PR. 31.12.2013.

### Note 4 - Kundefordringer

	2013	2012
<b>Vurdert til pålydende</b>	736 797	472 135
- avsatt til dekning av usikre fordringer	35 000	0
<b>Bokført verdi pr 31.12.</b>	<b>701 797</b>	<b>472 135</b>

### Note 5 - Bankinnskudd

I posten inngår bundne bankinnskudd med kr 441 726.

### Note 6 - Antall aksjer, aksjeeiere m.v

Antall aksjer og pålydende er spesifisert i balansen. Det er kun en aksjeklasse og alle aksjer har lik stemmerett.

Aksjonærer	Antall aksjer	Eierandel i %
Voss kommune	1967	70,63
Hordaland fylkeskommune	650	23,34
Voss Møbel og Trevareverkstad AS	56	2,00
Voss Prenteverk Grafiske Tenester AS	23	0,83
Granvin herad	22	0,79
Ulvik herad	20	0,72
Coop Eiendom Vest AS	10	0,36
Fellesforbundet	10	0,36
Nordea ASA	10	0,36
Voss Sparebank	5	0,18
Voss Veksel-og Landmandsbank ASA	5	0,18
Norsk Kommuneforbund, Voss	4	0,14
Voss lag av Norges Handikapforbund	2	0,07
Voss Handel og Kontor	1	0,04
<b>SUM</b>	<b>2 785</b>	<b>100</b>

### Note 7 - Anleggsmidler

	Materielle Eiendeler	Sum
Anskaffelseskost pr. 01.01.13	3 626 265	3 626 265
+ Tilgang kjøpte anleggsmidler	625 000	625 000
<b>= Anskaffelseskost 31.12.13</b>	<b>4 251 265</b>	<b>4 251 265</b>
Akkumulerte avskrivninger 31.12.13	2 956 083	2 956 083
<b>= Bokført verdi 31.12.13</b>	<b>1 295 181</b>	<b>1 295 181</b>
Årets ordinære avskrivninger	729 581	729 581
Økonomisk levetid	5-15 år	



## Kveik AS

NOTER PR. 31.12.2013.

### Note 8 - Egenkapital

	<b>Aksje kapital</b>	<b>Overkurs fond</b>	<b>Annen egenkapital</b>	<b>Sum</b>
Pr. 01.01.2013.	2 553 000	0	6 269 903	8 822 903
Endringer i løpet av året/ fusjon	232 000		729 175	961 175
Årets resultat			533 822	533 822
Avsatt til utbytte			0	0
<b>Pr. 31.12.2013</b>	<b>2 785 000</b>	<b>0</b>	<b>7 532 901</b>	<b>10 317 901</b>

Selskapet har fusjonert med Lekve Industrier AS i 2013, med regnskapsmessig virkning fra 1.1.2013. Eiendeler og gjeld i de fusjonerte selskapene er bokført med grunnlag i balanseførte verdier (kontinuitet) i samsvar med rekneskapsloven § 5 - 16. Samanlikningstal er ikkje omarbeidd.

### Note 9 - Forskning og utvikling.

Selskapet har ikkje hatt forsknings-og utviklingskostnadar i 2013.

Til generalforsamlinga i

**Kveik AS**

## MELDING FRÅ REVISOR

### Uttale om årsrekneskapen

Me har revidert årsrekneskapen for Kveik AS, som viser eit overskot på kr. 533 822. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2013, resultatrekneskap og ei skildring av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta og andre noteopplysningar.

#### *Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeida årsrekneskapen og for at den gjev eit rettvise bilete i samsvar med reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som styret og dagleg leiar finn naudsynt for å gjera det mogleg å utarbeida ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følge av misleg framferd eller feil.

#### *Revisor sine oppgåver og plikter*

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gje uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Me har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at me fylgjer etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å få tilfredsstillande tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhenta revisjonsbevis for tala og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane er avhengige av revisor sitt skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet si utarbeiding av ein årsrekneskap som gjev eit rettvise bilete. Føremålet er å utforma revisjonshandlingar som er høvelege etter tilhøva, men ikkje å gje uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta er høvelege og om rekneskapsestimata som er utarbeidde av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Me meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og føremålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



### *Konklusjon*

Me meiner at årsrekneskapen er i samsvar med lov og forskrifter og gjev eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Kveik AS per 31. desember 2013 og av resultatata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg.

### **Uttale om andre tilhøve**

#### *Konklusjon om årsmeldinga*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner me at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

#### *Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, og kontrollhandlingar me har funne naudsynte etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000

«Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenkla revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner me at leiinga har oppfylt plikta si til å syta for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av selskapet sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringskikk i Noreg.

Voss, 28.04.2014

Åse Steen – Olsen  
Statsautorisert revisor

**Kveik Arbeidsliv**

Brynalii 119, Voss

**Kveik Vangen**

Vadet 11, Voss

Postadresse:

Postboks 18, 5701 Voss

Telefon: 56 52 08 60

## Geografisk område:

- Voss
- Granvin
- Ulvik
- Vaksdal
- Modalen

## Samarbeidspartnerar:

- Bedrifter i vårt område
- Utdanningsinstitusjonar i vårt område
- Opplæringskontoret for Indre Hordaland
- NAV

## Attføring - Hovudtilbod:

- Opplæring/kurs
- Arbeidspraksis
- Kompetanseheving

## Eigarar:

- Voss kommune
- Hordaland fylkeskommune
- Voss Møbel og Trevareverkstad AS
- Voss Prenteverk Grafiske Tenester AS
- Granvin herad
- Ulvik herad
- Coop Eiendom Vest AS
- Fellesforbundet
- Nordea ASA
- Voss Sparebank
- Voss Veksel-og Landmandsbank ASA
- Norsk Kommuneforbund, Voss
- Voss lag av Norges Handikapforbund
- Voss Handel og Kontor

# Ringer i vannet

Attføringsbedriftene i landet og NHO har etablert prosjektet «Ringer i vannet».

Kveik er med i dette samarbeidet i Hordaland. Målet for Ringer i vannet er å bidra til at fleire arbeidssøkjjarar frå attføringsbedrifter vert tilsett i NHO-bedrifter. På vegen mot fast tilsetjing er arbeidstrening og hospitering naturlige steg.

Rekruttering og samfunnsansvar møtes i Ringer i vannet. NHO er opptekne av at dei som har vore utanfor arbeidslivet skal få nye sjansar. Ringer i vannet er eit prosjekt som skal gjere det lettare for di verksemd å delta, og som «Ringer i vannet-verksemd» vil du få både tilgang til kvalifisert arbeidskraft og samt vera med på å bygge eit romslegare arbeidsliv. Bistand og oppfølging av arbeidssøkjjar vert skreddarsydd slik at det passar verksemda sitt behov for arbeidskraft. Tett oppfølging frå ein attføringskonsulent både i forkant, under og etter tilsetjing sikrar nødvendig tryggleik.

Gjennom prosjektet skal arbeidssøkjjarar som mottar midlertidige

trygdeytningar, få arbeidstrening i NHO-verksemdar. For verksemdene handlar det om å skaffe seg den arbeidskrafta dei treng, og for den enkelte handlar det om å bruke eigne ressursar til samfunnets beste. Mange opplever at livet går i bylgjedalar. Sjukdom, private utfordringar, omstillingar og/eller andre hendingar, kan føra til at enkelte i ein periode må ta ein pause frå arbeidslivet. Ein pause må imidlertid ikkje få lov til å verta ein «full stogg». Det må vere lov til å møte veggen, utan at ein fell utfor eit stup.

Gjennom Ringer i vannet aukar NHO innsatsen for å nå delmål 2 i IA-avtalen (auke sysselsetting av personer med redusert funksjonsevne). Eller som statsminister Erna Solberg sa i nyttårstala: «Jeg vil oppfordre arbeidsgivere til å ansette flere som har et hull i CVen. Det finnes mange kompetente og arbeidsvillige mennesker som lengter etter en ny sjanse».

*Ringer i vannet er rekruttering utan risiko!*



**ringer i vannet**

**Ringer i vannet med NHO**  
- Trygg rekruttering til samfunnsbevisste bedrifter